

Årsmelding for Ervik sokneråd – 2018

Årsmøte 17. mars 2019

Soknerådet:

Leiar:

Sylvi Olsson, 2. vara til fellesrådet, diakoninemnd, varakontakt
Kirkens Nødhjelp

Nestleiar:

Kirsti Stave Stevik, medlem fellesrådet, trusopplæring, medlem
kyrkjeleg fellesnemnd Selje-Eid

Skrivar:

Anne-Marie Aarvik, diakoninemnd

Kasserar:

Hilde Johanne Vik Gloppestad, trusopplæring, medlem i musikkutvalet

Medlem:

Åge Ervik, medlem fellesrådet, kontakt Kirkens Nødhjelp

Medlem:

Geir Ole Ervik

Varamedlemmar:

Karina Årvik, Oddvin Honningsvåg, Ivar Hoddevik

Aktivitet:

Tal soknerådsmøte: 8

Saker: Det har vore handsama 75 saker i 2018. Av desse vil vi spesielt nemne innkjøp av nytt orgel, mottakarar av offergåver 2019, gudstenesteplan for 2019, div innkjøp til kyrkja (lydutstyr, kjøleskap, salmebøker, div kjøkenutstyr), årsfesten, Ervikpreika, Seljumannamessa, 75-årsmarkering for St Svithunforliset, juletreffest, TV-aksjonen, trusopplæringa i Selje kommune, nattverdsform, høyring om ny kyrkjeordning.

Årsmøte/årsfest: 4. mars

Soknemøte 26.08.18: Etter gudstenesta denne dagen vart det halde soknemøte om innkjøp av nye salmebøker. Dei frammøtte med røysterett slutta seg til soknerådet sitt ønske om å kjøpe inn nye salmebøker.

Ervikpreika vart halde søndag 15. juli. Prost Eikum Scanke forretta. Veret var fint, og nesten 100 menneske overvar preika ute på kyrkjegarden. Etter preika fortalde Dagfred Berstad om historia til kyrkjegarden og om eigne minne frå Ervikpreika då han vaks opp. Til slutt samla vi oss inne i kyrkja til kyrjekaffi.

75-årsmarkering for St Svithun-forliset: Soknerådet stod, i samarbeid med prest og kommune, for markeringa 30. september. Det var fullt i kyrkja, og vi fekk tilbakemeldingar om at det hadde vore ei verdig markering. Vi sette spesielt fokus på redningsmennene, og vi fekk fleire aviser til å skrive om forliset og redningsdåden.

Juletrefest: Saman med Normisjonen heldt vi julefest i kyrkja 27. desember. Det var mange år sidan sist det var julefest i kyrkja, og mange har ønska at vi skal ta opp att tradisjonen.

Diakoni: Vi hadde strikkekafé i bygdehuset også i 2018, i alt 6 gongar. Antal deltakarar varierer litt (10-15 stk). Lilly Årvik og Lillian Nygård har deltatt med lesing.

Misjonsprosjektet: Vi held fram med å støtte Misjonsalliansen sitt arbeid i Liberia.

Prostevitjing: Den 30.10. deltok leiar og nestleiar då prosten samla alle sokneråda i Nordfjord.

Vi syng jula inn: Også i år møttest folk frå bygdene på julaftan for å synge jula inn. Primus motor for denne høgtidsstunda var som før Per Stave.

Tal frå statistikken:

Gudstenester: 16 (3 færre enn året før). 878 tok del i desse gudstenestene. Det var 5 konfirmantar i 2018, og det var 2 gudstenester med barnedåp. Det var 10 gudstenester med nattverd.

Offergåver: Gjennom offer vart det gitt 38710,- kr i alt . Desse mottok offergåve frå kyrkjelyden: Bibelselskapet, Kirkens Nødhjelp, Holmely, Tro og medier, misjonsprosjektet, Fjordly, Amatea, Redd Barna (julaftan), trusopplæringa i kommunen, kyrkjelydsarbeidet.

Givartenesta: I Ervik sokn kom det inn 260800,-. Inkludert i dette var gåva frå Ervik Havfiske på 250000,- kr til det nye orgelet.

Konsertar/musikkarrangement:

- Under leiing av Jon Inge Sigerland vart det arrangert påskekonsert den 4. mars.
- Jon Inge Sigerland stod også for songkvelden den 11. april.
- 17. juni fekk vi besøk av Herøy og Sande kantori under leiing av Ines Vatne.
- Den 18. november vart det nye orgelet tatt i bruk, og etter preika heldt Jon Inge Sigerland ein minikonsert.
- Den 12. desember heldt koret Frisk Bris frå Selje sin tradisjonelle førjulskonsert under leiing av Unni Bosnes.

Anna:

I januar tok vi med stor glede imot den nye presten vår,
Eli-Johanne Rønnekleiv.

Ervik 13.02.19

Sylvi Olsson (leiar)